

## **Oddhild Fausa**

---

Fra: Ole Jørgen Sve <ojjs@rosendalmaskin.no>  
Sendt: 21. august 2015 23:45  
Til: Oddhild Fausa  
Emne: Merknader til planarbeid Svemorka Vest.

Har en del merknader til en del punkt.

### **12.1.1**

Underteikna har drive massetaket i Svemorka sidan 1981. Drifta av det gamle sandtaket skjedde på et lavere nivå, skjerma av noverande masse som er tenkt å takast ut. Å skrive at tiltaket for vidare masseuttak vil gi avgrensa fjern og nærværknad då det ligg godt avskjerma i området er blank løgn. No må uttaket skje frå toppen og ca 100-150 meter nærmere fks. Byggefeltet og føre til alvorlige støy og støvplager. Etter 30 års fartstid i dette faget er det vel ingen som kan uttale seg betre om dette enn eg.

### **12.1.4**

Direkte feil at utviding av uttaket ikkje vil gi meir støy, grunna uttak frå toppen av arealet eller på vestsida mot eksisterende veg til sandtaket, med lav stuff, med direkte luftlinje til byggefelt.

### **12.1.5**

Nytt masseuttak vil øke støyen fleire gonger i forhold til før på grunn av at nye eigalar må starte på egne teigen ,og at uttaket må starte på topp eller på vestsida. Påstand i planen fullstendig feil.

### **12.1.7**

Er i dag eigalar av den dyrka marka som er igjen i Svemorka. Dette er den einaste grøne flekken i planområdet. Eg kjem til å kjempe til siste slutt via alle mulige ankeinstanser , inkl departementet for å hindre at dette på noverande tidspunkt vert regulert til industri. Det er fantastisk arrogant og tragisk at det skal vere nødvendig i ein plan på 400 mål og ta med dyrka mark, på noverande tidspunkt. Det tar si tid å bygge ut 400 mål!

### **12.2.2**

At tiltaket ikkje røyrer område brukt til friluftsliv, er igjen blank løgn. Området vert brukt til turgåing kvar dag av masse folk. Det er en mykje bruk stad for folk som går tur med hundene sine i og utanfor setrevegen, og av en god del eldre folk. Fantastisk etter å ha servert uriktige påstander, så vert konklusjonen at det ikkje trengs fleire utgreinger, ARROGANT OPPFØRSEL!

### **12.2.3**

Tilbodet til gåande og syklende kan forbetraast?  
Tilbodet MÅ forbetraast med gang og sykkelveg !!!

### **12.2.4**

At planområdet ikkje vert brukt av barn og unge er vel kanskje den største løgna som vert servert i dette planarbeidet.

Det ligg et byggefelt i området med masse ungar som kvar dag brukar området til og frå skule og til aktiviteter etter skule. I tillegg er der to Ridebaner i planområdet, so vert brukt mest daglig til trening og konkurranse/ stevner. Desse er blitt brukt i årevis og å skrive slik det vert gjort i "eksisterende situasjon " , vitnar anten om rein arroganse eller uvitenhet på svært høgt plan.

Er eigar av den største bana lengst sør, og krev at denne vert tatt ut av planen og at dette vert liggende som friareal for barn og unge i planen.

#### 12.2.5

Igjen fantastisk å påstå at eksisterande situasjon ikkje påverkar folkehelsa.

Industristøy er i dag på eit høgt nivå. I nær framtid, ca ved årsskiftet vert det nye fryseriet til Stabburet teke i bruk. Dette fører til stor auke av trafikken i området. Dette vil føre til store problem for barn og unge og aktivitetene med hest i området til og frå banene og likens ferdsel på vegane, grunna mangel på gangvegen . Igjen arrogant konklusjon om ikkje behov for utgreinger. Og enda meir støy og støv.

#### 12.2.7

Behov for masse er d heilt klart i framtida. Men ikkje slik masse. Massekvaliteten vidare ifrå eksisterande masseuttak og mot sør , er sterkt forurensa av mykje innblanda leirmasser. Dette er ikkje god nok masse for bygge og vegprosjekt. Kun ein liten del av området, har so bra kvalitet og kan brukast. Dette gjeld stort sett topplaget. Leirlaget vert verre og verre mot sør.

Er overraska over manglende kunnskap om eksisterande situasjon i planområdet. Vitnar om elendig forarbeid på en så stor plan. I tillegg er det fantastisk at dyrka mark, ridebaner vert neglisjert og prøvt radert vekk . I tillegg kan ein lure når byggefeltet , plutselig vert deler av regulert industriområde. Forstå d den som kan !

Mvh Ole Jørgen Sve. Gnr 27/3. Tlf 99576000

Sendt fra min iPad